

I. VEDTEKTER FOR SKJÅK KOMMUNE SITT NÆRINGSFOND (revisjon desember 2020)

Vedtektene er forankra i lov om regulering og kraftutbygging i vassdrag (Vasskraftlova) kap.4

§ 1 BAKGRUNN

Næringsfondet består i hovudsak av konsesjonsavgifter frå følgjande reguleringar:

Tafjordvassdraget: Konsesjonsdato Naturleg hk

- Heimste Vetldalsvatn 01.01.26 4.737

- Slettedalsvatn 25.03.38 29.305

- Kolbeinsvatn 29.07.38 3.966

- Yttre reg. Kolbeinsvatn 11.01.63 1.813

- Rødalsvassdraget 09.07.65 43.580

Ottadalsvassdraget:

- Breidalsvatn/Raudalsvatn 20.08.48 39.931

- Aursjoen 30.04.65 og 15.06.82 20.756

Avkastinga er årlege konsesjonsavgifter som vert innbetalt av konsesjons-eigarane i medhald av konsesjonsvilkår.

I tillegg kjem renter og anna avkasting av fondet.

Selskap	Del i %	Beløp i kr.
Sarpsfoss Limited	1,3 %	95 956
E-CO Energi	2,6 %	191 823
Øvre Otta	36,8 %	2 710 750
Opplandskraft	19,2 %	1 416 777
Hafslund Produksjon	8,2 %	607 130
Eidefoss AS	2,5 %	183 699
Tafjord kraftpr.	22,5 %	1 654 256
Glomma Kraftpr.	2,2 %	165 321
Energi AS	4,6 %	335 874
Sum utbetalt 2017	100,0 %	7 361 586

§ 2 FORMÅL

I vassdragslova kap 4 §14 heiter det: "Avgiften avsettes særskilt for hver kommune til et fond, som anvendes etter bestemmelse av fylkestinget eller kommunestyret. Fondets midler skal fortrinnsvis anvendes til utbygging av næringslivet i distriktet."

Skjåk kommunestyre har vedteke at næringsfondet skal som hovudregel nyttast til næringsutvikling i Skjåk. Det er eit vilkår at verksemda ligg i Skjåk og/eller har hovudelen av verksemda i Skjåk. Fondet skal i første rekke nyttast til næringsformål som kan auke og trygge busetnaden i Skjåk.

Prosjekt som fører til nye arbeidsplassar eller trygging av eksisterande arbeidsplassar skal prioriterast.

Dette kan skje i form av finansiering av

- tilskot til verksemder
- kommunalt tiltaksarbeid
- grunnlagsinvesteringar
- bedriftsutvikling
- omdømmearbeid
- kommunale fellestiltak

Fondet skal ikkje nyttast til sanering av gjeld i private verksemder, men det kan gjevast tilskot og lån til refinansiering av ei bedrift etter gjeldssanering. Fondet skal som hovudregel heller ikkje nyttast til løpande drift av bedrifter og kommune. I handsaming av sak 52/20 om endringar i regelverket for næringsfondet, vedtok kommunestyret at vedtektene for næringsfondet skal gje rom for finansiering av delar av landbruksforvaltninga i kommunen. Løn til næringskonsulent/sjef skal finansierast av fondet.

§ 3 STØTTEFORMER

Fondet skal som hovudregel gje støtte i form av tilskot, og ikkje til aksjeteikning i private bedrifter.

Når det gjeld eigarskap i utviklingsselskap, utleigebygg m.m. kan kommunen (unntaksvis?)gå inn med aksjekapital.

§ 4 FORHOLD TIL INTERNASJONALE FORPLIKTINGAR PÅ STATSSTØTTEOMRÅDET

Stønad frå fondet og annan offentleg stønad må for kvar einskild bedrift, samla ikkje overskride maksimalgrensa for "bagatellmessig støtte" etter EØS-regelverket.

Maksimalgrensa vert fastsett av EU-kommisjonen og er på tidspunktet for vedtaksfestinga av desse vedtektene 200 000 euro i ei periode på 3 år. Ved nyetableringar kan det gjevast stønad opp til det som er til ei kvar tid gjeldande EU-grense.

Det kan gjevast bagatellmessig støtte til alle næringar og til alle utgiftstyper, unnateke støtte til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport.

Dersom fondsstyret i kommunen ønskjer eit kraftfond utan dei avgrensingar som reglane for bagatellmessig støtte gjev, må kommunen sjølv sørge for at tiltaket blir meldt til Nærings- og handelsdepartementet, via Kommunal- og regionaldepartementet i samsvar med Lov om offentleg støtte § 2.

§ 5 STØTTEVILKÅR

Samla finansiering frå fondet til private næringstiltak skal ikkje overstige 20 pst av det totale kapitalbehovet for eit prosjekt. Prosjekt av særleg samfunnsmessig verdi eller prosjekt som blir sett i gong av etablerarar av nye verksemder kan få inntil 30 pst finansiering.

Støtta er som hovudregel avgrensa til kr. 650.000,- til ei og same bedrift i etableringsfasen. Beløpet skal framover regulerast med generell prisfaktor.

Etableringsfasen kan gå over ei 5-årsperiode. Det kan gjerast unntak frå denne regelen, slik at verksemder som har vore i gang kortare tid, men som har behov for ytterlegare investeringar ved særskilte høve kan få nytt tilskot.

Bedrifter som har vore i drift meir enn 5 år og som søker på nytt, kan som hovudregel maksimalt få tildelt tilskot på kr. 350 000,- over ein ny 5-årsperiode. Eigarskifte utan omlegging av drifta blir ikkje rekna som etablering, og skal ikkje få støtte. Der eigarskiftet medfører større omlegging av drifta kan det ut frå ei særskilt vurdering gjevast tilskot. Det kan gjerast unntak frå taket på 350 000 kroner om samfunnsmessige omsyn tilseier det .

Bedrifter som får anna offentleg støtte plikter å opplyse i søknaden om kor mykje som er motteke i støtte dei siste 5 åra og i tillegg opplyse om eventuelle andre offentlege instansar som det blir søkt tilskot frå i eitt og same prosjekt. Samla offentleg støtte skal ikkje overskride dei til ei kvar tid gjeldande prosentvise maksimalsatsane for næringsfondet. Ved særleg kostnadskrevjande tiltak med utsikt til mange arbeidsplassar eller særleg samfunnsmessig nytte, kan maksimalsatsane fråvikast.

Utgifter som søkjaren har hatt før søknaden blir fremma, skal ikkje inkluderast i grunnlaget for utmåling av støtte.

I kostnadsgrunnlaget kan det leggjast inn ein post som omhandlar uføresette utgifter som kan vere inntil 8 pst av projektkostnadane.

§ 6 ETABLERARSTIPEND

Førstegongsetablerarar som ønskjer å etablere seg med verksemd i Skjåk, kan etter søknad få eit etablerarstipend på inntil 150.000 kroner, avhengig av sysselsettingseffekt målt i årsverk. Utbetaling skal skje over tre år, med 50pst utmåling første året, 25 pst andre året og 25 pst tredje året. Før utmåling for andre og tredje året, skal det leggjast fram rapport som viser aktivitet og rekneskapsoppstilling for verksemda. Ei bedrift blir vurdert som nyetablert i to (2) år frå registreringsdato i føretaksregisteret. Nyetableringar skal ha nytt innhald og nytt organisasjonsnummer. Som nyetablering blir ikkje rekna: Eigarskifte, utskiljing frå etablert bedrift,

oppskalering, nye produkt, ny marknad eller flytting av bedrift til Skjåk. For å kunne få innvilga stipend skal det leggjast fram konkret og realistisk organisasjon- og forretningsplan. Ordninga har ei forventning om sysselsettingseffekt, og blir utmålt etter denne på følgjande måte: 0,76 – 1 årsverk: 150 000 kr 0,51 – 0,75 årsverk: 112 000 kr 0,26 – 0,50 årsverk: 75 000 kr 0, – 0,25 årsverk: 38 000 kr Det er eit krav at den som mottek tilskot driv verksemda i kommunen i minst tre år. Om verksemda blir flytta ut i denne perioden, vil avkorting måtte påreknast.

Eigarskifte og vidare drift av eksisterande verksemd omfattast ikke av ordninga sjølv om ein endrar organisasjonsnummer. I slike høve kan det søkjast om støtte etter §5. Unntaket frå denne regelen er dersom ein startar opp att ei verksemd som har lege nede utan aktivitet i minst eit år.

Kommunedirektøren skal ha ein realistisk vurdering av sysselsettingseffekten til den enkelte søknad før den går til politisk behandling. Dersom ein søknad blir vurdert til å ikkje ha full uttelling for etablerarstipend, kan ein ny søknad fremmast innan 5-års regelen av etableringsfasa dersom verksemda får ei høgare vurdering av sysselsettingseffekten. Ei slik tilleggsutbetaling vil bli utbetalt samla etter politisk vedtak.

§ 7 FONDSSTYRE

Vedtaksmynde for saker om tilskot frå næringsfondet er slik:

- Hovudutvalet for miljø- og samfunnsutvikling: til og med 100 000 kroner.
- Formannskapet: 101 000-250 000 kroner
- Kommunestyret: 251 000 kroner og oppover.

I mindre saker (under 10 000 kroner) kan administrasjonen fatte vedtak

Etter kommunelova § 59 kan tre eller fleire medlemmar i kommunestyret saman bringe avgjerd som er fatta av folkevalt organ inn for departementet (Statsforvaltaren)l kontroll av avgjerda etter lova.

Avslag på søknad om støtte er eit enkeltvedtak etter forvaltingslova § 2. Klage på vedtak i fondsstyret kan etter forvaltingslova § 28 andre ledd sendast til kommunestyret.

Dersom vedtaket er fatta av eller stadfesta av kommunestyret, er departementet (statsforvaltaren klageinstans).

§ 8 FORVALTING

- Fondsmidlane står på renteberande konto og skal vere disponible til ei kvar tid.
- Renter og avdrag skal attendeførast til fondet.

Årsmelding om verksemda til fondet skal leggjast fram for kommunestyret kvart år. Gjenpart skal sendast statsforvaltaren og fylkeskommunen.

§ 9 GODKJENNING AV VEDTEKTER

| Vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret.

Utfyllande kommentarar

1. Før det kan søkjast om støtte frå Skjåk næringsfond må moglegheitene for finansiering gjennom tilskot og lån frå andre instansar prøvast. Dette gjeld spesielt Innovasjon Noreg og BU-ordninga. Dersom desse ikkje vil gje tilskot til eit prosjekt, kan kommunen likevel etter ei konkret vurdering gje støtte i form av midlar frå næringsfondet.

Kommunalt næringsfond kan nyttast i samfinansiering med lån/tilskot gjeve av Innovasjon Norge og BU når summen av samla støtte maksimalt kjem opp i 20 pst av investeringa.

2. Næringsdrivande som ynskjer å auke kompetansen ved å delta på spesielt tilrettelagde kurs innan eige fagområde, kan få støtte til dette gjennom næringsfondet.
3. Mobiltelefonar, datautstyr o.l. blir rekna som driftsutgift og kan som hovudregel ikkje leggjast inn i kostnadsoverslaget for tildeling av tilskot. Utstyr knytt til utvikling av IKT-verksemder og andre som treng spesialisert programvare kan etter ei konkret vurdering få støtte til nødvendig produksjonsutstyr. Elles gjeld dei same reglane som for andre saker.
4. Byggearbeid i eigen bustad blir ikkje teke inn i kostnadsoverslaget

Næringar som kan få støtte frå fondet

Alle yrker og næringar kan søke om støtte. Ved ei samfinansiering med Innovasjon Norge/BU og lokal bank/kommune bør ikkje maksimalt samla tilskot komme over 20 pst av investeringa. Dersom ein søkjar høyrer inn under fleire prioriterte kategoriar som nyetablerar eller bedrifter med særskilt samfunnsnytte, kan tilskotssatsen komme opp i 30 pst.

Søknadar som berre dreier seg om kjøp/utskifting av køyrety (som t.d. bilar, traktorar, gravemaskiner m.m.), maskiner og reiskap har ikkje rett på tilskot frå kommunalt næringsfond.

Spesielt for primærnæringane

Det er spesielle regelverk innan landbruket, jf del 2 av vedtektene.

Krav til søknad og utbetaling av tilskot

- Det skal leggjast fram ein samla framdriftsplan for prosjektet.
- Søknaden skal innehalde forklaring på innhaldet i prosjektet som det søkast tilskot til.
- Søknaden skal grunngje og gje ei oversikt over forventa sysselsettingseffekt av tiltaket. Utløyser ikkje tilskotet den forventa sysselsettingseffekten, kan kommunen avkorte tilskotet med inntil 25 pst av tilskotssummen.
- Finansieringsplan skal følgje med søknaden og denne må ha same sluttsom som kostnadsoverslaget. Der kostnadsoverslaga er store, kan det bli krav om ei nærmare grunngjeving av dei største postane.
- Dersom rekneskapskontor eller annan institusjon utformer søknaden, skal den likevel vere underteikna av ansvarleg/eigar av prosjektet.
- I søknadar der kostnadspostar inneheld eigeninnsats, skal timesatsen på eige arbeid spesifiserast. Timesatsen er den same som Innovasjon Norge til ei kvar tid brukar, eller maks 20 pst av prosjektkostnadane.
- Sluttutbetaling av tilskot skjer fyrst etter at kommunen får tilsendt prosjektrekneskap attestert av rekneskapsfører/revisor. For prosjekt med tilskot under kr. 50 000,- er det tilstrekkeleg at kommunen får kopi av bilaga før sluttutbetaling kan skje. I prosjekt der vesentlege avvik i forhold til søknaden kjem inn, skal desse forklarast før utbetaling av tilskot skjer.

- Generelt gjeld at prosjektet skal vere avslutta innan 3 - tre - år frå dato på innvilgingsbrevet for at tilskot kan utbetalast. Ikkje utbetalt tilskot innan desse tre åra blir automatisk attendeført til fondet. Om det tek lenger tid å realisere prosjektet så må det søkjast konkret om å få utsett fristen. Søknaden sendast til næringsavdelinga i kommunen.

- I saker der tilskotet kjem over kr. 30 000,- kan tiltakshavar be om ei delutbetaling. Delutbetalinga skal ikkje overstige vesentleg prosentvis del av fullføringa av prosjektet (for eksempel krev 50 pst delutbetaling at ca. 50 pst av omsøkte prosjekt er gjennomført).

REGLAR FOR TILDELING AV KOMMUNALT TILSKOT TIL VATNINGSANLEGG I JORDBRUKET I SKJÅK

1. I tilskotsgrunnlaget kan det godkjennast kostnader til fast ledningsnett, pumpeanlegg, damanlegg, framføring av elektrisk kraft til pumpe og liknande.
2. Overflateutstyr som t.d. vatningsvogn blir ikkje godkjent som del av kostnadsoverslaget.
3. Prosjekt som berre består av utskifting av pumpe, motor og liknande gjev ikkje grunnlag for tilskot.
4. Minste kostnadsoverslag som kan fremmast er kr. 30 000,- for enkelt anlegg. Eige arbeid til anlegget kan gå inn som kostnad. Timesatsen er den same som Innovasjon Norge til ei kvar tid brukar.
5. Tilskotsutmålinga er 20 pst av godkjent kostnadsoverslag. Prosjektet må vere avslutta innan 3 – tre – år etter innvilgingsdato for at utbetaling av tilskot kan skje.
6. Kvar bruk kan maksimalt få løyvd tilskot på kr. 100 000,- til vatningsanlegg over ei 5-årsperiode.

REGLAR FOR KOMMUNALT TILSKOT TIL NYDYR KING AV JORDBRUKSAREAL I SKJÅK KOMMUNE

1. Tilskotet kan gjevast til nydyrking av privat jordbruksareal for gardsbruk i Skjåk.
2. Tilskotet kan gjevast til bruk over ti daa jordbruksareal. Søkar må dyrke minimum ein dekar for å få tilskot.
3. Kartutsnitt som viser nydyrkingsparsellen skal vere vedlagt søknaden.
4. For å kunne søke om tilskot må nydyrkingsprosjektet vere godkjent i kommunen i forkant.
5. Tilskot kan gjevast med inntil kr. 3 000,- pr dekar fulldyrka areal.

FINANSIERING AV DRIFTSBYGNINGAR I JORDBRUKET

1. Det kommunale næringsfondet kan nyttast til delfinansiering av driftsbygningar i jordbruket i form av tilskot.

2. Tilskot kan ytast til følgjande:

- personar knytt til landbrukseigedom slik definisjonen er i regelverket for BU-ordninga til ei kvar tid.
- Bruket må sysselsette minimum 0,5 årsverk etter at investeringa er gjennomført - rekna etter effektivitetsnormene i jordbruket.
- Maksimalt tilskot til driftsbygning i løpet av ein 5-årsperiode er kr 350 000,-. Ved generasjonsskifte/nyetablering kan maksimalt kr 650 000,- tildelast som tilskot over ein 5-årsperiode (40 % tilskot av kostnadsoverslaget).
- Søknaden må vere slik at den kjem under regelverket for BU-ordninga for tradisjonelt landbruk, men likevel ikkje får BU-midlar. I tillegg kan andre husdyrproduksjonar godkjennast med rett på tilskot.
- Investering i nytt brannvarslingsanlegg, elektriske anlegg og liknande kan inkluderast i kostnadsoverslaget.

3. Det er følgjande krav til investeringa:

- Nybygg
- Utviding
- Ombygging og modernisering
- Dersom spesielle forhold tilseier det, kan tilskot gjevast også til andre driftsbygningar enn for husdyrhald.
- Investeringa må vere på minimum kr. 200 000,- for at tilskot kan gjevast
- Kostnadsoverslaget kan omfatte fastmonterte driftsmiddel. Bil, maskiner, data-utstyr og liknande fell utanom kostnadsoverslaget.

REGLAR FOR KOMMUNALT TILSKOT TIL BYGGING AV SKOGSVEGAR I SKJÅK.

1. Tilskotet gjeld både nybygging og ombygging av eksisterande veg. Ved ombygging er det krav at vegstandarden skal hevast minst ei vegklasse. Tilskotet gjeld berre privatskogbruket.

2. Vegen skal vera planlagt av fagfolk og godkjent av kommunen før tilskot kan løyvast.

3. Vegen skal byggjast i samsvar med "Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse" utgjeve av Landbruksdepartementet i 1997.

4. Minste kostnadsgrunnlag for eit vegprosjekt som det kan

søkjast tilskot til er kr 10 000.

5. Det kan gjevast tilsegn om tilskot på inntil 50 pst av godkjent kostnadsoverslag. Felles veganlegg vil bli prioritert, og det vil ikkje bli gjeve tilskot til enkeltanlegg der det ligg til rette for felles veganlegg. Eit eventuelt statstilskot (NMSK) går til frådrag på det kommunale tilskotet. Tilskotet blir utbetalt etter at vegen er godkjent av kommunen. Faktiske dokumenterte kostnader ligg til grunn for utbetalinga av tilskotet.

6. Søknad om tilskot blir behandla fortløpande.

7. Det er eit vilkår at interessentane held vegen ved like.

8. Tilskot blir berre gjeve til veganlegg der dei miljøomsyn som er nedfelt i skogbrukslova med forskrifter blir fylgd.

REGLAR FOR TILSKOT TIL AVVIRKNING

1. Tilskot blir berre gjeve til privatskogbruket.

2. Tilskot blir berre gjeve til virke som blir levert for sal, dvs at virket må vere registrert i VSOP for sal.

3. Avverkinga må vere i samsvar med “Levende skog standardar” og tilfredstille “forskrift om berekraftig skogbruk”.

4. Tilfredstillande forynging av arealet skal vere sikra.

5. Tilskotet er kr.60,- pr. m³.

Tilskot til drift i mellomvanskeleg terreng

Ordninga gjeld for motormanuell drift med traktor og vinsj i bratt terreng med gjennomsnittleg helling over 40pst.

Tilskotssatsen er kr 60,- pr m³, det same som den tidlegare statlege tilskotsordninga. Dette bygger på nivået tømmerprisen og dei ekstra kostnadene ved å drive i slikt terreng.

Vilkår for tilskot:

- Tilskot blir berre gjeve i område som er avsett til landbruksformål i arealplanen og som fortsatt skal brukast til skogbruksformål.

- Lilengda må vere minst 50 meter og ha gjennomsnittleg helling minst 40pst. (Areal inntil 3 daa med mindre helling innanfor driftsområdet kan inngå når dette må drivast saman med det bratte området).
- Ordninga gjeld for motormanuell drift med traktor og vinsj.
- Tilskot kan gjevast til rundvirke av gran og furuvirke som er levert for sal og innrapportert til VSOP-basen. Minste kvantum er 40 m³.
- Drifta skal førehandsgodkjennast av kommunen, som skal:
 - Kontrollere at driftene ikkje medfører risiko for skadeleg miljøpåverking eller fare for flom/erosjon/skred med betydeleg skadepotensial.
 - Det skal ikkje gjevast tilskot som fører til urasjonelle løysingar for framtidige drifter eller veganlegg.
- Det er eit vilkår at det vert sørgja for tilfredsstillande forynging av hogstfeltet.